

# PLANSTRATEGI



TYSNES KOMMUNE 2020-2024

## Innleiing

Kommunestyret skal minst éin gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi (PBL. § 10-1). Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling og langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane sine verksemdar og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å sette fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling i kommunen.

Planstrategien kan etter behov vera kortfatta eller meir omfattande.

Planstrategien setter et sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Kommunen er i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel og dette arbeidet saman med koronasituasjonen gjer at me ligg litt etter skjema for å få vedteke ny planstrategi innan et år etter konstituering av nytt kommunestyre, men med ein god og rask prosess så skal me få på plass ein oppdatert planstrategi. Arbeidet med arealdelen vil ta med seg formannskapet sin tilføyning frå førre planstrategi i 2016 der det står at ein i planprosessen skal synleggjera planar som av ulike årsakar har stogga opp eller som ikkje vert brukt, for å kunna vurdere om dei skal annullerast eller vidareførast.

Kommunen har oppdatert ein del viktige planar i førre planperiode, nokon av dei skal rullerast i komande periode, som til dømes Trafikktryggleik- og Skulebruksplan.

Me har ein eit år gamal samfunnsdel som truleg kan stå seg heile planperioden og ein arealdel som me har ambisjonar om å kunne vedteke i 2021.

Tysnes Kommune vil og evaluera/revidera sine beredskapsplanar, etter erfaringar med nedstenging og krisestab.

Kulturminneplan er vedteke og noko av dette arbeidet skal vidareførast i arealdelen.

Kommunen vil vera høyringspart i statleg detaljregulering av ny E-39 over Tysnes i komande planperiode.

Kommunen står for rullering reguleringsplan for Elsakervågen som opphavleg er ein rein næringsplan, men som etter rullering skal sikre landbruksinteresser samstundes som ein vil få på plass ein utviding av næringsareal i sjø mm.

Det er meldt inn trong for rullering og oppstart av temaplanar innan vassforsyning og kommunale vegar.

## Kommunens plansystem

Kommunen skal gjennomføre planoppgåver innanfor ein rekkje områder, nokon er lovpålagte medan andre ikkje er det. Dette er omfattande oppgåver som krev koordinert arbeid. Planstrategi kan nyttast får å sjå kommunens samla plansystem og for å vurdera trong for utbetring, utvikling og/eller om den bør forenklast. Viktige siktemål med kommunal planlegging er mellomanna:

- Samordna mål og ressursinnsats i kommunen
- Forankring av ulike tema i politisk og administrativ leing
- Påverke framtida i ønska retning gjennom langsiktig tenking
- Styrka samarbeid mellom ulike faggrupper og einingar
- Skapa legitimitet, felles oppfatning av røyndomen og størst mogleg semje i ulike saker
- Få fram ulike grupper si innsikt gjennom deltaking og medverknad
- Gje moglegheit til gode offentlege ordsrifter, engasjement og motivasjon.

<p style="text-align: center;"><b>Kommunal planstrategi</b> Minst en gang pr. valperiode Vedtak om rullering av kommuneplan. Vurdere plantrong</p>
<p style="text-align: center;"><b>Kommuneplan</b> Samfunnsdel - Arealdel Planperiode 12 år, vurderast kvart 4.år i planstrategi</p>
<p style="text-align: center;"><b>Kommunedelplanar</b> Temaplanar - Geografiske planar Planperiode 12 år, vurderast kvart 4.år i planstrategi</p>
<p style="text-align: center;"><b>Tema-/sektorplanar</b> Planperiode 4 år, vurdera trong i planstrategi</p>
<p style="text-align: center;"><b>Økonomiplan, handlingsdel</b> Planperiode 4 år, årleg rullering</p>
<p style="text-align: center;"><b>Årsbudsjett</b> 1 årig</p>
<p style="text-align: center;"><b>Årsmelding og rekneskap</b></p>

## PLANBEHOV I PERIODEN 2020 -2024

Oversikt over planer og planarbeid	Siste handsaming	2020	2021	2022	2023	Kommentar	Ansvar
<b>KOMMUNEPLAN</b>							
Kommuneplanens samfunnsdel	2019					Ikkje trong for rullering i perioden	
Kommuneplanens arealdel	2013	Oppstart				Planavdeling/rådmann	Tysnes kommune
Planstrategi	2016	Rullering				Planavdeling/rådmann/stab	Tysnes kommune
<b>KOMMUNEDELSPLAN</b>							
Kommunedelplan Trafikktryggleik	2017		Rullering			Stab (M.A..)	Tysnes kommune
Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	2005			Oppstart		Stab	Tysnes kommune
Kommunedelplan for vatn, avlaup og vassmiljø	2018					Ikkje trong for rullering i planperioden	
Kommunedelplan for kultur, bibliotek og kulturskule	-				Oppstart	Inneber ei samansmelting av ulike planar for kulturområdet	Tysnes kommune
<b>INTERKOMMUNALE PLANAR</b>							
Planlegging av sjøareal Austevoll-Tysnes	-		Oppstart			Kunnskapsgrunnlag for plan i sjøområda i samarbeid med Austevoll	Tysnes kommune
Detaljregulering Huglosambandet	-			Oppstart		Oppfølging av kommunedelplan, føreset realistiske scenarier for finansiering.	Samarbeid med VFK og Stord kommune
Sunnfast		Skisseprosjekt				Kvinnherad-Stord-Tysnes-Fylkeskommunen	Kvinnherad kommune
<b>TEMAPLANAR</b>							
Landbruksplan	2004		Oppstart			Kartlegging av kjerneområder og strategiar for utvikling av landbruket	Landbrukskontoret
Vassforsyning temaplanar	2017		Rullering			Etter kommunal overtaking og tilpassing til nye krav	Tysnes kommune
Temaplan kommunal ifrastruktur			Oppstart			Vurdering av vedlikehald og oppgraderingar	Tysnes kommune
Kulturminne	2020	Vedtatt				Ikkje trong for rullering i perioden.	Tysnes kommune
Plan for næringsarbeid	-		Oppstart			Vurdera tilnærmingar og verkemiddel i næringsarbeid.	Samarbeid med Tysnes Kraflag AS
Strategisk næringsplan	2006					Kan vera trong for å vurdera behov etter ovannemnde.	Tysnes kommune
Skulebruksplan	2011	Rullering					Tysnes kommune
Kulturskulerapport	2016					Vert innarbeida i ein meir samla plan for kulturområde.	Tysnes kommune
Bibliotekplan	2011					Vert innarbeida i ein meir samla plan for kulturområde.	Tysnes kommune
Klima og energiplan	2011				Oppstart		Tysnes kommune
Plan for habilitering og rehabilitering	2020	Vedtatt				Rullert i perioden	Tysnes kommune
Bustadsosial handlingplan	2013			Oppstart		Trong for ein større endring av planen	Tysnes kommune

Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2019					Ikke trong for rullering i perioden.	Tysnes kommune
Plan for sosial kompetanse og fysisk aktivitet (SOFYKOS)	2011		Oppstart				Tysnes kommune
Strategi og utviklingsplan for oppvekst	2017				Oppstart		Tysnes kommune
Plan for minoritetsspråklege	-	Vedtatt					Tysnes kommune
Overgangsplan for barnehagar og skular	2019					Ikke trong for rullering i perioden.	Tysnes kommune
Lønspolitisk plan		Oppstart		Oppstart		Planen vert rullert ved kvart hovudoppgjer	Tysnes kommune
<b>BEREDSKAPSPLANAR</b>							
Overordna ROS analyse	2017	Oppstart				Pålegg etter tilsyn	Tysnes kommune
Plan for kommunal kriseleing	2017		Rullering			Oppfølging med bakgrunn i overordna ROS analyse	Tysnes kommune
Plan for helse og sosial beredskap	2006		Rulling			Samordning med ny ROS analyse og ny plan for KKL	Tysnes kommune
Plan for smittervern	2009		Rulling			Samordning med ny ROS analyse og ny plan for KKL	Tysnes kommune
Plan for livskriser	2008		Rulling			Planen er ajourført i 2020, men <u>trong for større endring</u>	Tysnes kommune
Plan for atomberedskap	2009		Rulling			Samordning med ny ROS analyse og ny plan for KKL	Tysnes kommune
Brannordning, ROS analyse brann og redning		Vedtatt					Tysnes kommune
<b>REGULERINGSPLANAR</b>							
Elsakervågen		Vedtatt				Ny reguleringsplna, offentlig ettersyn er gjennomført	Tysnes kommune
Svarvabella		Vedtatt					Privat
Matre fiskeri		pågår				Plan er lagt til offentlig ettersyn	Privat
Årbakka Hytter 2		pågår				Under arbeid/avklaring vegen vidare	Privat
Hegglandsvatnet		avslutta				Privat – innspel om endra arealføremål I arealplan	Privat
Godøysund		Pågår				Litt uklar status, planprogram er lagt til høyring	Privat

